



Kulturminnevern med **bjørnerifle** over skuldra

TEKST: INGJERD SKREDE FOTO: KETIL BORN

Mellom kvite fjell ligg Longyearbyen og dyppar kalde tær i blåfrosen Adventfjord. Oppbroten is duppar sakte i seige småbølgjer, og på eit flatt flak ligg ein sel og gyngar. Sola dryssar gult kveldslys over Hiorthfjellet og dei andre spisse berga som har gitt øya namn. Dei får meg til å tenkje på dei tagga kinnmennene hos eit rovdyr. Ikkje heilt tilfeldig. Det er fleire rovdyrkjefar på øya enn menneske i byen, og eg tek meg sjølv i å skvette av uventa lydar og kikke meg engsteleg over skuldra. Same morgon jaga dei ein isbjørn frå fjorden.

Frå daganlegget søraust over byen er utsynet fantastisk. Svalbard er arktisk ørken og har få partiklar i lufta som stengjer for utsynet. Mot nordvest ligg Skjæringa med den gamle Sysselmannsgarden. Eit steinkast unna der, eit moderne bygg som husar folka til sysselmanen. Bak dei isbjørnerna vindauga som kreative arkitektar har teikna, sit kulturminnerådgevar, Siri Hoem.

– Det er på mange måtar brutalt her, og isbjørn-faren er heilt reell, seier ho og smiler. – Eigentleg var eg usikker på om Svalbard var noko for meg. Men no har eg vore her nokre år, for det er interessant å jobbe med eit så spesielt kulturminnevern som det vi har her. Ho legg fleire kart utover pul-ten. Langs svalbardkysten ligg svarte prikkar tett i tett. Bak prikkane finst fangsthytter, spekkomnar, graver, flyvrak eller slakteplassar. I Virgohavna ligg restar etter ballongferder. Sundslåtte behaldarar for gass ligg i store, gule haugar langs stranda. Sjøppel i nokre samanhengar, opplyser Siri, – viktige kulturminne i andre.

Skal de ta vare på alle desse?

Det skal dei ikkje.

– Vi har tre ulike strategiar for bevaring av kulturminna, forklarar ho. – Istandsetting, forfallsforsinkande tiltak og naturleg forfall. Dei kulturminna som blir sette i stand, har ofte ein bruk enno i dag, slik som fangsthytter og liknande. Likevel forfell dei fleste fangsthyttene, og vi jobbar med å dokumentere dei.

Longyearbyen ligg 78 gradar nord, og vart grunnlagd av John M. Longyear i 1906. Han var den største eigaren av det amerikanske gruveselskapet Artic Coal Company som seinare vart kjøpt opp av Store Norske Spitsbergen Kulkompani. Men øya har verka som ein magnet på mange ulike menneske og lykkejegerar. Optimistiske og fulle av eventyrlyst har dei komme i håp om å utvinne marmor, gull, bly og sink. Ofte er optimismen etterlaten saman med dei fysiske restane av forsøket.

Berre kolet har gitt den ønskete avkastninga, og det er derfor ikkje utan grunn at taubanesentralen har vorte eit symbolbygg i byen. På tynne insektbein klamrar det seg fast og vernar eit enormt maskineri med blikkskalet sitt. Inne er det dunkelt og stille. Som om all tidlegare støy må bli utlikna med eit absolutt fråver av lyd. Vi er i origo, i vinkelen sitt utspring mellom fire enorme taubaneanlegg som strekkjer seg i rette liner mot sør, aust og vest. Bygd på restane av ein eldre taubanesentral har sentralen vore eit nav for koldrift, og for byen sin eksistens. Store Norske ønske å byggje han om til kontor, men dette vart stoppa da Riksantikvaren freda anlegget i 2003.



Siri Hoem

Alle bygg som er oppførte før 1946, er freda på Svalbard, og har ei 100-meters tryggingssone i alle retningar. Det same gjeld hustuffer, fangstinnretningar, gruver og andre spor etter menneskeleg verksemd. Rett nok er det ikkje alltid teke omsyn til tryggingssona, og nye hus er oppførte tett opp til taubanebukkane nede i byen. Taubaneanlegget er freda og er eit enormt anlegg som gir store vedlikehaldsutfordringar.

– Sidan det er så tørt på Svalbard, held treverk seg lenge, men der treverk møter terreng, vil det rotne. Ser du den lyse taubanebukken der oppe? Siri legg rifla bak i bilen, og peikar opp mot taubanebukkane som strekkjer seg sørover i fjellsida mot gruve 1B. Ein av dei er frisk og kvit i treverket.

– Det er ikkje så lenge sidan han fall ned i ein storm. Han braut tvert av, og sjølv om treverket såg fint ut på utsida var kjernen røten heilt gjennom. Og slik er det ofte med bygg her oppe. Dei har omfattande røteskadar nær bakken. No har det nådd eit stadium der det er kritisk. Dei mistar stabilitet, bikkar over og raser saman. Det går gradvis frå dag éin, og er ei kjempeutfordring. Mykje av



arbeidet mitt består i å prioritere kva vi skal ta vare på, og kva metodar vi skal bruke for å gjere nettopp det. Ja, og så gjer vi det på same måte som på fastlandet. Byter ut minst mogleg, men skiftar ut skadd, gammalt materiale med kopiar av originalen.

– Men vil ikkje dette òg rotne?

– Jau, det er same konstruksjon, men held i fleire tiår. Men det hender òg at vi gjer andre tiltak for å betre den tekniske løysinga, som å drenere inn mot fundamentet.

Vi pustar kvitt i bilen langs Longyearelva. Siri nikkar mot eit hol i fjellet, og fortel om den tragiske hendinga i 1920 da ein kjempestor kolstøveksplasjon i gruva (ho som blir kalla Amerikanergruva, og vart starta av Longyear), bles menneske og hestar ut over dalen. 26 menneske døydde, og etter dette vart gruva stengd. Berre reisverket etter kolsiloen står att oppe i fjellsida. Byen nedanfor brann ned til grunnen etter tyske åtak under 2. verdskrigen. Stolpane står framleis att.

– Busettinga flytta hit til Sverdrupbyen da dei opna ny gruve her i 1938. Ja, som du ser er det ikkje mykje by att, seier ho og hektar rifla over skuldra.

– Denne byen vart brend i ei brannøving i 1986. Da hadde ikkje dei nye fredingsforskriftene teke til å gjelde, og bygga var dermed ikkje freda. Hadde det ikkje vore for dette, hadde vi hatt eit nydeleg trehusområde. Ho ler litt og rettar på lua.

– På ei anna side ville vi òg fått ei enorm bevaringsutfordring.

– Ja, kva er dei største bevaringsutfordringane her oppe?

– Mange av kulturminna ligg langt utanfor busettingane og er ikkje lenger i bruk. Det gjer det ikkje så lett i høve til vedlikehald. Så er det vør og vind som slit på bygningane, og dersom ein isbjørn har slått inn eitt vindauge, tek det ikkje lang tid før bygget er fylt med snø. Og byggjeteknikkane som er nytta er ikkje alltid heilt kurante. Mange av bygga her er bygde for å vare eit år eller to, ikkje for å vere eit kulturminne, så eg er overraska over at nokre bygg faktisk står så lenge som dei gjer. Heldigvis er det tørt og kaldt og på den måten har røtesoppen ein kort vekstsesong. Men det kan bli varmt i hytteveggen om sommaren, og vi har målt opp til 40 gradar. I tillegg er fangsthyttene vanleg-

vis fundamenterte rett i torva, og det blir så vått at golva ofte står under vatn.

Snøen knirkar som potetmjøl under støvlane våre, og tjue blå knip i nasetippen. Det er vanskeleg, men oppmuntrande, å tenkje seg 40 varme gradar i ein lun hyttevegg. Eit godt innpakka snøskuterfølgje snor seg nedover Longyearbreen.

– Turistar og andre tilreisande kan vere eit problem. Ho følgjer skuterlysa med blikket. – Turistar har fleire stader teke med seg gjenstandar dei fann i terrenget eller i bygg som suvenirar. Men det er vesentleg mindre av dette etter at det vart sett meir fokus på det. Vi har meir fredingsinformasjon, og guidane er flinke til å informere. Ja, og så har det vore stor slitasje på terrenget enkelte stader. Her oppe treng terrenget lenger tid på å lækje sår og skadar. På enkelte lokalitetar er det derfor restriksjonar på kvar ein kan gå.

– Vi veit at kulturminna ikkje varer evig, vi har dei til låns. Før eller seinare vil dei gå tilbake til naturen.

Bak oss blæs spora våre att, over oss er himmelen lys berre i kantane.

Protecting Cultural Heritage with a Rifle over your Shoulder

Behind creative architects' polar bear proof windows at the Governor of Svalbard's office, sits Heritage Advisor Siri Hoem.

"In many ways it is a harsh environment up here, and the threat of polar bears is real," she says, spreading a map out on her desk. The coastline of Svalbard is speckled with black dots. The dots represent hunting cabins, boileries, graves, plane wrecks or slaughter places.

Not everything is to be preserved. "We divide the preservation of heritage sites into three categories," she explains. "Restoration, slowing of decline and natural decline."

All buildings erected before 1946 have a preservation order on Svalbard, and they have a 100 meter protection zone around them. For example the

enormous cableway for the coalmines is listed. "Since conditions are so dry on Svalbard wood keeps for a long time, but where planks meet the ground they rot. Buildings lose stability, keel over and collapse. It is gradual from day one, and presents a huge challenge. Besides this, many of the cultural heritage sites lie far away from any settlements and are no longer in use, making maintenance difficult. Then there is wind and weather, and if a polar bear smashes a window it won't take long before the building is filled with snow. And the buildings are not always very sound; many of the structures were only built to last a year or two, so I am sometimes astonished that they actually stand for so long. We know they won't last forever, we are only borrowing them. Sooner or later they will return to nature."